


# ÅRSMELDING 1974

## SKODJE SOGELAG



Dette er grunnplanen av eit bygg som i århundrar har vore nemt som "Brune Kyrkje". Den ligg på eigedomen Brune, g.nr. 57, b.nr. 1 i Ørskog. Staden er eit platå på nordsida av Brune-nakken med ein bratt kolle mot syd og ulendt fjellside mot nord.

I august 1973 var konservator Asbjørn Herteig her på staden. Han rådde oss til å ta ei grøft etter den prikka lina, men det var umogleg å komme fram med hakke og spade p.g.a. fjell. Sjølv tomte var dekt med eit tynt moselag. Dette vart fjerna sommaren 1974.

Nær syd-veggen har det vore ein pent mura fir-kant, ca 90 cm i kvar kant. Omkring år 1900 var den i bra form, og ca 50 cm høg. Ikkje nokon stein er no flytta. Her er ikkje merke etter trevyrke.



Skodje-Gomers kongesæte, med hans trauste kvilestad,  
fleire kjemper, djerve, møte, her har stridt og sovna glad.  
Her og der finns gamle minner, vitnar om deim uten ord,  
soga deira der vi finne' skrive inn i haug og jord.

\*\*\*\*\*

Enno er her gjeve karar, fødd med framtidsånd og hug,  
som dei store vanskar klarar, syner kjempehått og dug.  
Sjå dei storverk dei kan gjere, leida kraft til ljøs og bu,  
gjennom fjell og haugar skjere, leggje veg med kjempebru.

\*\*\*\*\*

I krins ved vatna og fjord og våg ligg ljøse heimar med eng og blomar  
med krans av furu og bjørkeskog, å, du kor fagert her er om sommar.  
Men perla er då vel Skodje grend, der kyrkja høgrest og vyrdsleg stend.

\*\*\*\*\*

Du fagre Skodje eg har deg kjær, og minnet ditt vil eg trufast gøyme,  
om eg vide i verda fer, så kan eg aldri mitt Skodje gløyme.  
Å, Gud du signe mi kjære bygd, og lat ho bløma med dâm og dygd.

Av N. Ytreberg.

E.F.

Skodje Sogelag

vart skipa den 5/12 1973 med dette styre:

Elias Fylling, formann

Ludvik Beite, nestformann

Henrik Daae Quale,

Amund Midtlid, kasserar. (Frå jan.1975 vart regnskapet ført av  
Skodje & Vatne Sparebank.)

Olav S.Svorste.

Louis Giske rykker opp som styremedl. frå 20.august 1974 etter Henrik Daae Quale's død.

Olgar Steinset skriv ned etter kyrkjebøkene.

I aaret 1974 vart det halde 4 styremøter.

I samsvar med formålsparagrafen i vedtektene hev styret set igong innsamling av stoff til ei gards- og attesoge for Skodje sogn. Vi har fått mange fotostatkopi av eldre skattelister, gardsregister og folketellinger. Også mikrofilm av eldste kyrkjebøkene for Skodje sogn, og den nyaste matrikull.

Det er utsendt spørjeskjema til alle grunneigarane i sognet for utfylling.

Vi har tenkt å taka med:

1.a. Alle eigarar eller brukarar av jord, frå den eldste tid.

b. Alle huseigarar, huslyder, sinskildpersonar til 1975.

2. Alle handelsdrivande frå den eldste tid til no.

3. Industri som har vakse so fort opp.

4. Transportforretningar i gods- og persontrafikk.

5. Utvikling i jordbruk, husdyrhald, pelsdyr og skogbruk.

6. Utviklinga i fiske - som næring og sport.

7. Utviklinga i skoesektoren og på den sosiale plan.

8. Utviklingskommunikasjonane - som telefon og post.

9. Vi vil take med alle som er flytt ut av sognet, og busett seg andre stadar i landet, og der gjort seg sermerkt. Eller reist ut av landet, t.d. som misjonarar, eller reist til Amerika og der gjort stor innsats.

10. Vi vil og take med den gjensidige nytte og glede vi har av at ålesundarar tek sine feriar eller rekreasjonsopphald i Skodje. Det byrja i den første tid av dette århundrede, når byfolket leigde seg inn i sommarferien, i husa til bygdefolket, og dei flytta på stabburet, eller i kjellaren. Den tid vart det knytt gode band mellom by og land. Vonar at det vil vara.

Men alt dette krev mange pengar, særleg til trykking, og med kommunen kan vi ikkje rekna med så mykje.

Vi vil derfor oppmode alle, bankar, assuranselag, aksjelag, handelslag, private handlande, industri og næringsdrivande av alle slag, og privatpersonar, innbuarar eller utflyttarar, til å støtte oss i dette tiltak med pengegaver så det kan realiserast. Vi trur at med dette kan vi få vise komande etter kva våre forfedre måtte tole med slit og sakn, som kan bli til komande ætters gagn.

Styret for Skodje Sogelag, 10:januar 1975.

E.F.

Ingebrigt Olsen Storsæter, busatt på gnr.59, bnr.I, Skodje.

Ingebrigt Olsen Aasen var fødd 1839 på Aasen i Sunnylvn, av foreldre Ole Isflaa og kone Gunhild Torsteinsdatter f.Lundane. Son deira - Ingebrigt - vart gift med Malene Jonsdotter Langeland. År 1868 kjøpte Ingebrigt og Malene fjellgarden Storsæter, gnr.59, bnr.I, i Skodje, og flytte dit.

Den tid var det berre sle-veg til Storsætra, garden var lite dyrka og husa var dårleg. Men dei fekk slå bra med høy, og utmarksbeita var store og gode.

Ingebrigt og Malene var begge mykje arbeidssomme folk, sterke, men godlynd og hjelpsom.

Dei tok til å dyrka meir garden, og samstundes nytta steinen - som det var mykje av - til steingardar kring bopmarka. Det var reint utruleg kor store steinar Ingebrigt kunne lyfta opp på steingarden, - men så var han og ei kjempe. Når han sommaren reiv never i Dyrlida, bar han på ryggen heimatt om kvelden 6 voger never.

Ein gong braut ei av kvigene hans eir fot i Dyrlida. Det var uråd å koma dit med hest og slede. Men Ingebrigt visste råd. Han tok innvollen ut av kviga, la so børe-band rundt den, og tok den på ryggen - heilt til Storsætra - ca. 3 km.

I den tid var det ikkje so få fattige og sjuke som ikkje kunne hjelpa seg sjølve. Den einaste hjelp dei då kunne få var at dei vart sendt rundt i bygdene på legd, - det same som at kvar gardbrukar vart pålagt å taka på seg 1 eller 2 veker for husmat og stell - ein slik fattig stakkar. Det er vanskeleg å tenkja seg stoda for den fattige - men og for den som skulle taka seg av dei - i slike høve.

Ein haust skulle ei gammel sjuk legdskone flytte til Øvste-Brune for å vera der i 2 veker med ho Brune-Ane. Kretsmannen i fattigkommissjonen skulle sjå til med at det vart flytta. Legdskona vart køyrd med hest til Fylling til Larsgarden, men lenger var det ikkje køyrande. Kretsmannen hadde før tinga 4 mann til å bera kona frå Krasgarden og opp i Øvste-Brune. Det var dårleg veg, bratt og vanskeleg dit. Når legdskona kom var ho sengeliggande, og senga ho låg i måtte fylgja kona - og dei stakkars sengekleda og - for det var fattigvesenets "eige" alt saman.

Av dei 4 karane som fattigvesenet hadde tinga til å bera denne legdskona til Brune, møtte det opp berre ein, og det var Ingebrigt Olsen Storsæter. Det var surt og kaldt den den dagen, og fattigstakkaren fraus.

Ingebrigt orka ikkje å stå og sjå på dette, men gjekk og fekk låne seg eit sterkt t , tok det rundt senga med kona i - og kleda og - og bar på ryggen alt i ein gong, - utan å kvile - heilt til Øvste-Brune. --- Kjempekrefter men hjartelag, ---

Son til Ingebrigt - Johan I. Storsæter - var lik faren, stor, sterk men godlynd.

Vi vil skrive meir om han i bygdesoga, men tek med at han var ein uvanleg dyktig og mykje nytta bygningsmann, som sleit hardt mange stadar, både her og i Amerika, men gjorde oftast meir enn si plikt.

Når Johan og arbeidslaget hans var ferdig med sitt oppdrag, kunne ein høyre Johan sukka og seie: Å, ja, no er det verste att. - Og han meinte oppgjeret.

Og var det økonomisk vanskeleg for dei han hadde arbeidd for, hende det at Johan gjekk utan å nemne noko. Men oftast ordna det seg seinare likevel.

Men meir seinare om Johan Storsæter.

Ein utvandrar frå Skodje til California.  
Gav Noreg stor hjelp i siste verdskrig.

Tomasine Marie Fylling var fødd på Fylling i Skodje 1. februar 1888 av foreldre Petter Robert Fylling og Anne Kristoffersdotter f. Digernes. Tomasine var den eldste av 5 sysken då faren døydde i 1899. Ho var då berre 11 år.

Den tida var det korkje enkje- eller barnetrygd, og dei fekk alt som born sterk kjenning med livsens alvor. To år seinare døydde også bestefaren. Tomasine måtte tidleg leggje planar for å hjelpe seg sjølv. Etter ho vart konfirmert, kom ho seg i lære på smørmeieriet for Engesetdalen og Fylling for å verte meierske. I den tida var det eit godt yrke å vere meierske. Etter den turvande læretida fekk ho seg gode vitnemål, og ho vart like etter tilsett som meierske i Norangsdal. Der var ho i ca. to år, men søkte då ein ledig meierskepost i Rødven i Romsdal, då der var noko høgere løn. Tomasine fekk den posten og vart der om lag to år, men søkte då "en gjævere plads" på eit større meieri i Måndalen, og ho fekk den.

I åra mellom 1901 og 1911 vart det stor utvandring til Amerika frå den vesle Fyllingsbygda. I desse 10 åra reiste det 30 personar, og fleire reiste både før og seinare. Meir enn tredjedelen av bygdafolket vandra ut. Tomasine merka og Amerikafebereren. Det var vondt for henne å reise frå heimbygda, men.... Sommaren 1911 reiste det mange frå bygda med mål for California. Tomasine var med i denne flokken.

Reisa over Nordsjøen og Atlanteren gjekk tolleg bra, men det vart ein mykje hard tur med jambanen over Amerika. Jambanen brukte 8 dagar frå austkysten til Stillehavskysten i vest. Desse 8 døgra hadde dei berre harde trebenker å sitje på heile tida. Det var og mykje skralt med maten, for den måtte dei halde seg med sjølve. Dei var glade då dei fekk gå av toget i California, sjølv om det for dei var heilt ukjent kva dei møtte. Slik skreiv ho.

Vel framme i Santa Barbara fekk ho seg huspost. No las ho engelsk i fritida og prøvde å innstille seg etter nye og uvande tilhøve. Tomasine var glad i song og var sjølv ein mykje flink songar. Ho hadde vore med i songkor der ho arbeidde i heimlandet. Det varde ikkje lenge før nykomarane møtte landsmenn i Santa Barbara og i San Francisco. Dei vart samde om å skipe eit songkor - eit blandakor. Det var mange nok interesserte songarar av norsk ætt, men ingen ville våge å vere dirigent. Men så var det nett komne seks svenske brør som innvandrarakar. Desse brørne var mykje musikalske, og ein av dei, Daniel Sundin, sa seg viljug å vere dirigent. Songkoret hadde mykje glede av songen, og dei gav mykje glede.

Men for dei fleste nykomarane var deira største sagn kyrkja. Guds ords forkyning, salmesong og klokkeklang. For i deira sinn og minne stod kyrkja i heimlandet "på et høit sted-".

Året 1913 den 12. des. vart Tomasine Marie Fylling gift med bygningssnikkar og songdirigent Daniel Sundin. Alt då var det lagt planar for bygging av ei Norsk Luthersk kyrkje i Santa Barbara, og Daniel Sundin var ein av dei fyrste som tok til i arbeid. Kyrkja kom opp og vart teken i bruk med ein gong, og Daniel Sundin vart den fyrste organisten der. Han var organist til han var 80 år, då måtte han slutte for skuld synet svikta.

Dei norskætta innvandrarakarane skipa og ei foreining som vart kalla "Sønner av Norge", med 100 % tilslutning. Etter nokre år vart Marie Sundin (som vart sagt alltid seinare) vald til president for laget "Sønner av Norge" og stod som president til over siste verdskrig.

Livssynet hennar var forankra i ei klår evangelisk luthersk kristentru. Sterke nasjonale kjensler hadde ho i slektsarv, og det var ein av grunnane til at ho vart ståande så lenge som president i "Sønner av Norge."

Marie Sundin var ei lita spebygd kvinne. Norskamerikanarane sa om henne: "Ei lita kvinne med stort hjarte og klåre tankar."

Den siste verdenskrigen braut ut. Amerikanarane lytta over radio om korleis Noreg vart hertøke og bomba. Då var det mest ikkje til å halde ut. No kom det vel med at Marie Sundin hadde ein sterk posisjon mellom norskamerikanarane og politikarane. Ho bad den amerikanske kringkastinga om lov til å nytte kringkastinga til å sende ein appell til alle om å hjelpe Noreg. Fyrst var det Flyskulen i Little Norway, Ontario, Canada, som trong hjelp. Appellen vart høyrd. Det kom inn fleire hundre tusen dollar.

I ein appell bad ho om innsamling av skor og klær som skulle sendast til Noreg. Fyrst vart det samla i Santa Barbara, sett over og pakka ferdig til sending så snart det var fred og frakteskutt kunne skaffast. Det kom inn så mykje skor og klær at Marie Sundin måtte leige 4 - 5 kvinner til hjelp med pakking og lagring. Dei fekk så mykje at dei trong 4-5 hus til lagerplass for varene.

Den 30. mars 1945 kom dette sendande til Miss Marie Sundin:

FROM CAMP LITTLE NORWAY

ASSOCIATION

TAKKEADRESSE FOR ALL HJELP I DENNE TID

LITTLE NORWAY, ONTARIO, MARS 28. 1945.

OLE REISTAD

AIR OFIC COMANDO

CANADA

I mai- juni 1945 vart alt det Marie Sundin hadde samla og lagra i Santa Barbara sendt til Noreg. Det var då alt ordna med mottaking og fordeling her i Noreg.

I september 1946 sende Kong Haakon denne takk til Marie Sundin:

N O R G E

TAKKER FOR DERES VERDIFULLE INNSATS UNDER KAMPEN FOR  
LANDETS FRIGJØRING 9. APRIL 1940 - 8. MAI 1945.

Oslo 1. september 1946.

HAAKON R.

Båe desse takkeadressene heng i glas og ramme i stova til Marie Sundin i Santa Barbara, California.

E.F.

## Sjukehus-stranda eller Sjukestranda.

Mellom Straumane og Saltkjelsvik i Skodje, er ei strandline på ca. 1 km. langs fjordens sydsida. Den er frå eldre tider og til no vorte kalla Sjukehusstranda eller Sjukestranda. No mest brukt til dagleg sagt Sjukestranda.

Det har vore ymse meiningar om kva som er opphavet til namnet. Sagnet seier at der ein gong i eldre tid, har stått eit sjukehus for spedalske. I 1938 bygde Alf Valde eit større trelastlager der, men vegen vart bygd 1915 - 1920. Same tid som Straumsbrua.

Er det truleg at der for 5-600 år sidan var noko sjukehus? Når ein les bokverket - De Norske Klosters Historie, og då tenkjer seg attende til den tid klostera i Noreg var i si velmakt, vert ein mykje oppteken med at namnet Sjukestranda ikkje berre er eit sagn.

Klostervesenet var i si tid godt utbygd i dei fleste deler av Noreg. Og det var ikkje liten reisetraffikk mellom dei ymse kloster. Denne trafikken vart so stor, at den vart til mykje bry for dei ymse kloster. Av den grunn kom det frå høgste hald påbud om at der vart bygd hospits ved klostera og langs dei vanlege reisevegar - ruter - (også sjøvegar) for at pilegrimar og andre i klostervesenet få sikre overnattingsstader, eller om hus trengtes mellomsteds i sjukdomstilfelle.

Dette påbud vart grunna med at oppsittjarane langs desse reiserutene korkje hadde hus eller økonomisk evne til å yte den hjelp som slike ferdefolk trengte. Slike hospits veit vi sikkert vart bygd mange stader i Noreg.

Det vart og gjeve ein plan for utbygging og bruk. Og på stadar der det var lite folk busett, skulle det og oppsettast husvære utan faste folk for tilsyn. For des e var det ein regel, at den som sist hadde opphald på desse "hospitsa" hadde ansvar for at eld og ljøs var sløkt, før dei forlet huset. Desse husa vart og kalla hospital for det var ikkje sjeldan desse vart nytta for slike som vart sjuke under ferda. I planen for utbygging var medteken at desse hospitala måtte liggja innan rimeleg avstand frå kvarandre - ein liten dagsreise, og ikkje over 2-3 mils avstand. Men og der ein ofte kunne møte naturlege hindringar - der måtte også slike hus byggast.

Tenkjer ein seg at pilegrimar eller munkar var på reis frå Bergen mot Nidaros - og var komne til Borgund, so overnatta dei der i hospitset. Deifrå var det rimeleg at dei nytta Ellingsøyfjorden - inn mot Straumane - for vidare mot Vestnes og Vepøy. Men det var vel då som no, at ikkje alltid kunne ein koma igjennom strumane når ein ville, for skuld motstraum, eller det kunne vera litt is i Skodjevika. Då vart det nok ofte at ferdefolk måtte stans for "naturlege hindringar" og prøve å finne seg ein stad og overnatta. Då trengtes det eit herberg-eit hospits-sjukehus eller sølehus som desse seinare og vart kalla.

Og i Sjukehusstranda er det som om det var tiltenkt frå Skaparen sær god landings- og byggeplass for eit slikt formål.

At denne vegen har vore kjent og mykje nytta, viser dei no synlege store steinrøysar etter dei store blussvardane som var bygd ved Langedraget og Solnørvika.



Desse blussvardane var sikkert til hjelp for dei som då nytta sjøvegen. Av det som her er framhalde skulle det vere god grunn for å tru at eit hospits hospital- i den katolske tid har stått i Sjukehusstranda. Etter Reformasjonen vart ymse av desse tekne i bruk for heimlause eller sjuke, t.d. spedalske. Sagnet seier at der var spedalske i sjukehusstranda.

I bokverket "Det Norske Folks Historie", av P.A.Munk, finn ein i bind II side 606 skrevet om Sælehus:

"I Ældre Gulatings-Lov Cap.100:

"Til Sælehusenes benyttelse have alle lige Rett. Nu er det vel om alle kunne være inne med deres Sager. Men kan dette ei skje for trengsels skyld, skulle de bære sagerne ut. Da er det vel om de havde selv Rum, og de skulde alle være inde, hvis enhver av dem kan få Rum til at sitte. Har Nogle vært der 3 Nætter uden nødvendighet, skulle de gå ut. Eller de ved Lodkasting lade an mand gå ut. Da er det vel, om den, hvem Lodden treffer, går ud! ellers feldes han til at bøde Ranhaug, og man skal betale fuld Mannsgjæld for den, der havde Rett til at være inde, om de dø ude. Hvis Folk holde til i Sælehus og det brænder op, da indestaar alle de, som vare der inde, for Huset."

(Ældre Gulatings-Lov er bevart i et eksp. fraa 1160.)

Som ein vil sjå er desse her omskrevne Hospits- Hospital- Sælehus eller sjukehus vorte bygd og brukt med kontroll av dei rådande myndigheter, og sikkert vore til stor gagn for vegfarande i farne tider. No er begre tuftene att av husa og det berre få stadar - husa er nedrånna. Men Stadnamna held seg - og fortel saga.

Juli 1974.  
E.F.



### Store stormøkader på skog.

Den 20. januar 1884 gjekk det over Sunnmøre ein uvanleg sterk storm frå syd til sydvest og svinga over til nordvest. Den var oppe i orkan styrke, så ingen hadde sett noko så øydeleggjande før.

Orkanen braut ned meir enn halve skogen til gardane Svorta. Og skadane på skogen til Ole Kristensen sine to bruk, Sorthe og Sorthevik, vart verdsett til kr. 8000,- som idag svarar til om lag kr. 500.000,-. Brokhaugane, skogen omkring Svortavatnet og Sætremarka, og noko av heimeskynet vart totalskadd.

Dei andre skoggardane i prestegjeldet fekk og skader - meir og mindre - men ikkje så sterkt skada som Svortaskogane.

Eigarane av den skada skogen måtte snarast setje i gang drift for å berge noko, men det vart eit vanskeleg arbeid, då skogen alt låg på kryss og tvers. Men dei kom i gong med kvisting - kapping og køyring til sjø eller sagbruk. Dei dreiv hardt, men likevel låg det mykje tømmer att i marka når våren kom og det vart berr mark.

Det som då låg igjen måtte ein og prøve å berge, før det vart øydelagt av makk og blåe. Skogeigarane fekk då i gong fleire arbeidslag til å skjere tømmer med handsag. Det vart bygt fleire handsagstellingar på laglege stader. Det var to mann på kvar stelling. Det var tungt arbeid, men med hard drift var det utruleg kor mykje dei saga. Det som då vart saga vart stabla for tørk og seinare transport til vinteren. Når dette frettest ute på øyane, kom det mange inn over for å få seg rimeleg material til stove - eller løe - eller naust. Og dei fekk godt kjøp.

Av dei mange arbeidslag som saga med handsag då i Svortaskogane vil eg berre få nemne eitt - Erik og Martinus Indre-Berg. Deesse var kjend for å vere sværande ihuga og dugande i alt sitt arbeid. ( Det har og vorte sagt om dei seinare generasjonar ifrå dette tunet). Dei to brørne , Erik og Martinus, tok på seg å sage mykje tømmer, men det vart hardt arbeid i solsteiken i mai-juni. Den tid var det berre brukt heimovne klede - under og utanpå - og desse var både tjukke og stive til å arbeide i. Men når det vart varmt, tok dei utanpå-buksa av seg og stod i underbuksa. Den gjekk då ned-over utanpå ullsokkane. Hosebanda som og var fletta heimelaga - knytte dei på rett plass - utanpå underbuksa. Men når det var retteleg tjukke stokkar, og sola stod høgt, kunne dei som då kom forbi, sjå sveittedropane drype tidt under sokkebandendane til desse Bergs-karane. Men likevel kunne den som kom der forbi høyre Erik seie høgt: "Driv bleggen Martines!"

E.F.